

BESTANDSPLAN FOR HJORT

2014-2016

VALD NR 006

YNNESDAL

ENGESÆTER

TYNNING

Me har valgt å dele inn planen soleis:

1. Innleiing
2. Status og vurderingar
3. Erfaringar og Handlingsdel

1. INNLEIING:

A. Planområde / Areal.

Planområdet gjeld vald nr. 006 Ynnesdal, Engesæter, Tynning. Valdet består av 3 jakt feltt. Valdet grensar mot Midtre Gulen Hjortevald i vest, Masfjorden kommune i sør og Wergland / Haugland / Brekke i øst og nord.

Valdet består av fleire skogkledde dalføre, og har eit teljande areal på 32381 da.

Medlemar i valdet er grunneigarane på Gnr. 123 Ynnesdal, Gnr. 125 Engesæter og Gnr. 126 Tynning.

B. Planperiode

Denne planen gjeld for treårsperioden 2014 – 2016, og planen skal reviderast innan utgangen av 2016.

C. Mål

Valdet har som målsetjing å forvalte hjortestamma innanfor planområdet på ein slik måte at stammen held seg mest mogeleg stabil. Dette kan målast gjennom dei teljingane me driv, vårteljing og sett hjort.

For å ha ein sterk og levedyktig bestand også i framtida er det nødvendig:

- Å halde stamma på eit nivå der ho er i balanse med næringsgrunlaget.
- Å hauste biologisk rett av stamma.
- Å halde ei god kjønns- og alderssamansetjing i stammen, dvs 15 – 25 % kalv, 35 – 45 % hodyr og 35 – 45 % handyr.
- Å sikre ei effektiv og human jakt.

2. STATUS OG VURDERINGAR

A. Historikk

I området har det vore hjort i over hundre år, med jakthistoriar tilbake til tidleg på 1900 talet. I perioden rundt andre verdens krig var det heller eit sjeldant syn å møte hjorten, men dei siste 50 åra har stammen auka jamt å trutt. Meir nøyaktige fellings resultat har me frå midten av 60 åra. Fellings resultatet dei siste ti åra har vore tilnerma 100 %.

B. Trekkvegar

Om vinteren trekkjer hjorten sørover mot Masfjorden og sørlege deler av kommunen, men ein god del dyr er i området også om vinteren. I valdet er det fleire trekkvegar aust/vest.

C. Beiteskadar

Dei største skadane er beiting og avføring på innmark. Dette reduserer avlinga og forringar førkvaliteten, og er eit forholdsvis stort problem på deler av valdet. Skog skadar er lite aktuelt i vårt område.

D. Trafikkdrepte dyr.

Trafikk drepte dyr er ikkje eit problem i vårt vald.

E. Sett hjort.

Vårteljinga av hjort dei seinaste åra viser ein stabil stamme. Me har og registrert hjort i valdet under jakta dei siste tiåra, og har soleis gode opplysningar om antall og vekt utvikling i stamma.

3. ERFARING OG HANDLINGSDEL

A. Erfaring.

Erfaringa med ni år med bestandsplan er positive. Med overføring av dyr er det lettare å ta ut rett type dyr og rett mengde. Me ser og at det er rom for å auke avskytinga i tre års perioden.

B. Avskyting

Med erfaringar frå siste treårs periode prøver me same opplegget, men aukar kvoten med **to** dyr i året for å redusere beiteskadar på innmark. Fordeling av fellingsløyve blir gjort etter fylgjande alders og kjønnsfordeling: Kalv 15 – 25 %, Hodyr 35 – 45 % og Handyr 35 – 45 %.

Me vidareføre ordninga med overføring av dyr frå år til år. Dvs. at me kan overføre **inntil 3 dyr** totalt i valdet.

C. Fellingsløyve

Med bakgrunn i at me i valdet har rikeleg med areal pr. dyr, ynske om utleige av jakt og med plage med beite skadar på innmark, og med bra avskyting dei siste åra, med fortsatt ein fortsatt stor bestand, ynskjer me ein auke i fellings løyve.

Me er soleis einige om å søkje om 105 dyr i treårs perioden.

D. Eppersøkshund

Kvart jaktfelt har ansvar for å inngå ettersøksavtale.